

ID 508.26

Nærings- og fiskeridepartementet  
Postboks 8090 Dep  
0032 Oslo

### Høyringsfråsegn: Forskrift om overnattingsavgift

Visit Sunnhordland representerer kommunane Stord, Fitjar, Austevoll, Tysnes, Kvinnherad, Etne, Sveio og Bømlo. Regionen er prega av småskala, spreidd og i hovudsak heilårsbasert reiseliv, og har i dag ikkje dokumenterte utfordringar knytt til overturisme eller særleg belastning på fellesgode.

Vi støttar intensjonen bak besøksbidragslova om å sikre berekraftig utvikling i område med stor reiselivsbelastning og å leggje til rette for finansiering av reiselivsrelaterte fellesgode der behovet er reelt. Samstundes meiner vi det er avgjerande at praktiseringa av ordninga ligg tett opp til lovas vilkår om «særleg stor belastning». For distriktsregionar som Sunnhordland er det viktig at denne terskelen blir praktisert tydeleg og konsekvent, slik at verkemiddelet ikkje i praksis utviklar seg til ei generell avgift også i område utan dokumenterte utfordringar.

For våre kommunar vil ei overnattingsavgift på 3 prosent i liten grad fungere som regulering av turismepress, men i større grad representere ein kostnadsauke i ein marknad med moderate volum og avgrensa marginalar. Særleg for distrikts- og heilårshotell kan dette svekke konkurransekrafta og påverke grunnlaget for heilårsdrift. Desse verksemdene har ein viktig funksjon også utanfor reiselivet, knytt til næringsliv, offentleg aktivitet, arrangement og lokal samfunnsutvikling. Regelverket bør difor ta omsyn til at reiselivet i distrikta har andre strukturar og føresetnader enn i pressdestinasjonar.

Vi merkar oss at kommunane har ansvar for planarbeid, dokumentasjon og innkreving, og at departementet skal godkjenne at vilkåra er oppfylte før avgift kan tre i kraft. For å sikre føreseielegheit og like konkurransevilkår er det likevel viktig med tydelege nasjonale rammer for praktisering, rapportering og innkreving. Ei mest mogleg standardisert og samordna løysing vil redusere risiko for ulik praksis og konkurransevriding mellom kommunar, og lette den administrative belastninga for små kommunar og næringslivet.

I fleire av våre kystkommunar er strandsoneforvaltning og bruk av fritidsbustader allereie politisk sensitive tema. Dersom overnattingsavgifta også skal omfatte privat korttidsutleige i strandsone eller sekundærbustader som blir nytta delvis kommersielt, er det viktig med tydelege og føreseielege avklaringar. Regelverket bør ikkje skape nye konfliktlinjer knytt til eigedomsrett, fritidsbustader og lokal bruk av eksisterande bustadmasse i distrikta. Avgrensingane mellom sporadisk privat utleige og reell næringsverksemd må vere klare, slik at ein unngår uvisse og urettferdig konkurranse.

Vidare er legitimiteten til ordninga avhengig av at inntektene gir synleg og dokumenterbar lokal nytte. I kommunar utan tydelege trykkpunkt må det vere rom for ei grundig vurdering av om avgift er rett verkemiddel, og eventuelt korleis midlane kan nyttast på ein måte som styrkjer berekraft og lokal verdiskaping.

Visit Sunnhordland ønskjer også ei tydeleg avklaring knytt til fritaket for brakkeriggjar. For å sikre rettferdige konkurransevilkår bør det presiserast at innkvartering som heilt eller delvis blir leigd ut i den opne marknaden, ikkje skal omfattast av fritaket.

Avslutningsvis meiner vi det vil vere formålstenleg med ei evaluering av ordninga etter 2–3 år, med særleg merksemd på effektar i distriktskommunar utan dokumentert reiselivspress, konsekvensar for heilårsbedrifter og forholdet mellom administrative kostnader og inntekter.

Visit Sunnhordland ønskjer å bidra konstruktivt til ei berekraftig utvikling av norsk reiseliv, og meiner besøksbidraget kan vere eit nyttig verkemiddel der belastninga er reell og dokumentert. For distriktsregionar som Sunnhordland er det avgjerande at ordninga blir praktisert målretta, føreseieleg og i tråd med både reiselivspolitiske og distriktpolitiske mål.

Sunnhordland, 7. april 2026

Morten Helland  
Rådsordførar

Tora Haslum Myklebust  
Dagleg leiar

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift.*